



Karl Kristian Grønhaug, Tormod Apeland, Cliffi Grinde, Kalle Åsland og Roger Handeland hadde med seg syngedamene: Ingebjørg Gismervik, Hibbi Mannes og Anne Tove Øvrebø.

Foto: Håvard Førland

Roger «The Boss»

Midtsommar i Tysvær, midt framfor altertavla i Skjoldastraumen kyrkje, ni pilspisskompetente korslagkraftige artistar; midt i blinken. Eit knippe pop/rock/soul-svisker framført av store kommunikatorar, leia av sjefen sjølv, Roger Handeland som både ser og høyrst ut som «The Boss».

Av Håvard Førland

Ein framifrå flott dag går mot soleglad, det er mest så det liknar sommar i Straumen. Klokka er 20.00, det er 18 grader varmt, og parkeringsplassen er i ferd med å fyllast opp. Ein flott Borgøynuttur sit i knehasane, restane av komlemiddagen held energinivået passe høgt, og vi er klare for finalen. Eit 70-tals godtfolk sit jamt fordelt rundt på benkene i den nyoppussa kyrkja i Skjoldastraumen. Eg tek ein tur ut for å sjå etter hovudpersonen og får auge på han like utanfor. Væpna med eit varmt smil, pastillar og eit rustent «hei» kjem Roger Handeland

ruslande mot våpenhuset, han ser uforskamma avslappa ut.

Det store korslaget

Den lokale popstjerna har med seg tre syngedamer på avslutninga av Tysvær si midtsommarfeiring, Hibbi Mannes, Anne Tove Øvrebø og Ingebjørg Gismervik. Desse fire artistane har «Det store korslaget» som felles utgangspunkt for gullstrupesamarbeidet sitt, men han er litt lei av å referere til Hanne og TV2 sitt suksessprogram kor dei hadde slik suksess, fleipar hovudpersonen. Det er tydeleg heilt frå starten at desse ni entertainerane har sans for det dei gjer, den innbyrdes trivnaden smittar over på godtfolk i benkeradene, det går ikkje lenge før fleire par finsko trampar takten i kyrkjegolv. Kven ville trudd for nokre år sidan at Dolly Parton skulle fylla kyrkjerommet i Straumen, ja eller rettare sagt songen hennar, «Coat of many colors»?

Waltzing Matilda

Utan for mykje utanomsnakk set Roger konserten i gong frå pianokrakken, Tom Waits med den australske folkesongen «Waltzing Matilda». Den ru stemma kler songen, det er som du høyrer Tom sjølv, og akkompagnementet til saksofonisten Karl Kristian Grønhaug bygger det heile opp til ein flott plattform å spele vidare frå. Dei fire andre musikarane Roger har med seg er som følgjer: Cliffi Grinde (trommer), Tormod Apeland (gitar/mandolin/harmo-

nika/piano) Atle H. Woll (piano) og Kalle Åsland (mandolin/akustisk gitar/gospelsong). Dei er dyktige og godt samspelte, og det sjølv om Kalle er henta inn som reserve i siste liten.

Etter at han har valsa opp med oss, kjem eit potpurri med fire velkjente korslagsongar, «Månemannen» av Vamp, «Come together» av Beatles, «Living la vida loca» av Ricky Martin og så signaturlåten (You raise me up) «Reis meg opp» som gav haugalendingane gåsehud då Hanne Krogh leidde songarane sine til siger.

The other me

Etter potpurriet fekk vi først historia bak songen «Sonshine» som innleier den nye cd-plata til Roger, og så sjølv songen. Deretter kom 2 songar til frå «The other me» som siste plateprosjektet hans heiter.

Noko av ideen bak konsertane desse fire songarane har hatt det siste halvåret har vore å framføre egne favorittar, og først ut etter Handeland var Bokn sin songfugl, Anne Tove Øvrebø. Ho framførte to countrysongar, «Coming Down in the rain» og Dolly Partons «Coat of many colors». Hibbi Mannes stod for pauseinnslaga, ho prata saman låtane og helt mikrofonen varm medan instrumenta blei gjort klare mellom kvar del.

«From a distance» var ein høydare, bygd opp gradvis mot yngstemann(kvinne) Ingebjørg si toppstemme, ho syng så den høye kan C «God is watching us from a distance».

Kalle Åsland fekk verkeleg vist kva han står for med sitt Django Reinhardt liknande gitarspel på gospelsongen «Mary, don't you weep».

Over the rainbow

Ingebjørg Gismervik har meir enn vanleg sterke songfuglgen, ho er over dei fleste. Sannsynlegvis kunne ho ha sunge telefonkatalogen på ein høy(r)verdig måte, du verda for ei gullstrupe. Hennes solistnummer «Over the rainbow» og Beatles sin «Help me» (if you can, I'm feeling down) var personlege favorittar.

This is the place

Roger Handeland er ein flott artist og ein trygg og god kommunikator.

- No nærmar vi oss slutten, vi skal avslutte med to songar frå cd-plata mi, meddelte han... og så gjekk straumen, ja elektrisiteten altså. Eit stykke ut i nest siste song viste det seg at teknikken song på siste verset. Brått var det slutt, det vil seie brått blei det svært avdempa lyd, så akustisk som el-gitarar klarar utan el... Det forhindra likevel ikkje at desse framifrå flotte artistane avslutta songen «This is the place» til trampeklapp.

Dei om lag 70 tilhøyrarane fekk del i ei speglede og eit artistteri som gjorde sommarkvelden minst 5 grader somrare. «Musik skal byggast ut av glede», song Lill Babs ein gong, og det har heilt klart Roger Handeland og medspelarane hans forstått.

Dermed er det berre å gle seg, han har juleplate på gong og det betyr nye kyrkjekonsertar i månadene som kjem når sommaren har frose i hel, regn med det.



Roger Handeland var sjefen.